



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/89001-2

Dykkar referanse:  
17/1210 - 17/7940

Vår dato:  
04.08.2017

### Uttale – Oppstart av reguleringsplanarbeid – Mangervåg Kloakkanlegg – Gn. 44 bnr. 14 m.fl. – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 19.06.2017 med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Mangervåg kloakkanlegg. Frist for uttale er sett til 08.08.2017.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er i første rekke knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert tekne i vare i planlegginga. I denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegner av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

#### Kva saka gjeld:

Det er meldt endring for del av reguleringsplan *Mangervåg industriområde* (1995). Planområdet er om lag 1,3 daa og er lokalisert på Mangervåg kai, som ligg om lag 1 km sørvest for Manger sentrum og i enden av fv. 410. Området er også regulert gjennom Kommunedelplan Manger (2012 – 2019).

Området er i dag regulert til mellom anna felles kai og industriområde og er allereie utbygd.

Føremålet med planendring er å legge til rette for utbygging og drift av offentleg kloakkreinseanlegg på området.

#### Uttale:


Planområdet ligg på kaia i Mangervåg. Tilkomst til området vert frå fv. 410. Fylkesvegen er smal fram mot Manger sentrum. Fylkesvegen er også skuleveg til Manger skule, og er dels utan tilbod til mjuke trafikantar.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



### Oversiktskart planområde

Det oversendte planmaterialet er sparsam med opplysningar om tiltaket. Kommunen si førebelse vurdering er likevel at tiltaket medfører krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova.

Relevante utgreiingstema i det vidare planarbeidet vil vere ei trafikkanalyse som kan seie noko forventa auke av trafikk til og frå området, både i drift- og anleggsperioden, kva type trafikk ein forventar og kva innverknad det får på dei trafikale forholda på staden.

Reguleringsplanen må ikkje vere til hinder for framføring av gang- og sykkelveg slik det er tatt til høgde for i KDP for Manger.

### Vidare medverknad:

Når det føreligg eit konkret planframlegg vil Statens vegvesen vurdere om våre interesser er tatt tilstrekkeleg i vare.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Hege Løtveit  
senioringeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN